

Årsmøteinnkalling 2019

Til alle medlemmer av Memoar!

Som tidlegare opplyst, vert årsmøtet 2019 kalla inn til laurdag 2. mars kl 15:00 i Auditoriet i Bergen off. Bibliotek, Strømgaten 9, Bergen.

Dagsorden:

1. Årsmelding om arbeidet sidan sist årsmøte (vert publisert på nettsida <http://om.memoar.no>)
2. Rekneskap (Publisert på nettsida <http://om.memoar.no>)
3. Forslag om å oppretta Stiftinga Memoar og å endra pkt 1. og 2. i vedtektene (Forslaget er publisert på nettsida <http://om.memoar.no>. Det er også gjengitt nedanfor her)
4. Val av styre og andre tillitsverv. (Forslag til nytt styre vert publisert på nettsida <http://om.memoar.no>)

Forslag til vedtak på årsmøtet i Memoar:

Sidan oppstarten i 2015 har utviklinga av Memoar gått svært raskt. Det er bygd opp ein liten kompetanse- og ressursorganisasjon, eit omdøme og viktige samarbeidsrelasjonar med andre frivillige organisasjonar, arkiv, bibliotek, musé, forskings- og utdanningsinstitusjonar. Viktigast av desse er relasjonen til Landslaget for lokalhistorie. Memoar er medlem av LLH på same vis som eit lokalt historielag.

Den organisasjonsforma som vart bestemt på stiftingsmøtet 2. Juli 2015 fører oss inn i eit uønska «konkurransforhold» med LLH om medlemmer. Det same gjeld andre frivillige organisasjonar me samarbeider med. (Fortidsminneforeiningr, kulturvernforeiningar, venneforeiningar mm). Me bør gjera ei endring slik at me understrekar Memoar si rolle som kompetanseorganisasjon på eitt avgrensa område – munnleg historie.

Styret foreslår derfor:

1. Den frivillige foreininga Memoar opprettar den ideelle Stiftinga Memoar, og overfører namn, nettsider, samarbeidsavtalar, eigendelar og planar dit.
2. § 1 i vedtektene vert endra slik: «*Foreininga Memoar som vart stifta i Bergen 2. juli 2015, vedtok på sitt årsmøte 2. mars 2019 å oppretta Stiftinga Memoar, og å omgjera seg sjølv til ei støtteforeining for den nye stiftinga. Nytt namn skal vera **Memoar medlemsforeining.***»
3. § 2 i vedtektene vert endra slik: «*Memoar medlemsforeining skal fremja ein kultur for å ta vare på og dele munnlege forteljingar om levd liv gjennom å oppretta og støtta opp under Stiftinga Memoar.*»

Bergen, 13. februar 2019.

For styret

Bjørn Enes

